

# **KYRKJEBLAD**

## **FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

Nr. 5

SEPTEMBER 1989

43. årg.



## Tre kors

Tre kors. I midten Jesus. På hver side en dødsdømt røver. Tekstene forteller om en forskjell på de to. En av dem fikk gjort opp sitt regnskap.

Vi regner vanligvis med tre forutsetninger for et kristenmenneske.

For det første at man har gjort det man kunne. At man har satset positivt — på de 10 bud og på Bergprekenens leve-regler. For det annet: At man i fremtiden skal skikke seg enda bedre. At man med Guds hjelp skal bli et virkelig medmenneske. Og for det tredje: At man har sterk tro!

Dette er de tre forutsetninger vi vanligvis regner med for et kristenmenneske. Men hvis disse tre punkter er betingelsen for å være et Guds barn, da hadde røveren på korset ingen sjanse. Bak seg hadde han et forspilt liv. Foran ventet en brå død, han hadde ingen fremtid å tilby Gud. Og ingen skal ut fra tekstene påstå at mannen hadde noen stor tro.

Ingen av våre tre forutsetninger for kristenlivet var til stede hos denne mannen. Og han er det eneste menneske vi kjenner som ved livsavslutningen fikk sitt nådetilsagn av Jesus. «I dag skal du være med meg i Paradis.»

Så oppdager vi kanskje de tre virkelige forutsetninger for Guds barn.

For det første: Han erkjenner at han er en taper. «Vi får igjen hva våre gjerninger har forskyldt.»

For det annet: Han aner at Jesus er Guds sønn. «Kom meg i hu når du kommer i ditt rike.»

Og for det tredje: Han vender seg til Jesus med en bønn.

Denne troen, som er så svak at vi knapt tør kalle den tro, er nok til å bære mannen like inn i Guds armer.

Når en bro skal åpnes, er de prominente samlet. Musikken spiller, ordføreren taler, silkebånd klippes. Og de høye herrer tripper som førstemenn over betongen.

Da Jesus på korset ropte: «Det er fullbrakt!» var det en bro som var ferdig. En bro fra død til liv, fra jord til himmel, fra tid til evighet. Og den verdigste til å være med ved innvielsen var en dødsdømt røver. Han hadde ingen verdighet.

Han hadde Jesus i sitt reisefølge.

Ellers var han fortapt.

Det er for slike mennesker broen er bygget.

Ingen er så lavt sunket at ikke Guds nåde bringer dem opp. Men mange er for høyt hevet til at deres selvbevissthet tilkaller Jesus.

Den kristne tro begynner der mange tror den slutter — i håpløsheten, i fortvilelsen, i nederlaget.

Der ser vi kanskje Jesus klarest. Han som levde vårt meningsløse liv og døde vår meningsløse død. Og dermed ga både livet og døden en helt ny mening.

1. påskedag: Jesus lever.

Det er den største nyheten verden noensinne har hørt, og glemt. Vi må fortsette å diskutere statskirke, kvinnelige prester, abortspørsmålet, dårlige prekener, triste messer. Men la oss skjære inn til benet og si: Det fins bare en virkelig god grunn til å bli et kristenmenneske: Jesus lever.

Og dermed sier vi også: Det fins bare en virkelig god grunn til *ikke* å bli et kristenmenneske: Om Jesus ikke lever.

Det er det store spørsmål. Kanskje bare røvere finner svar.

Jesus lever. Det er det eneste som står fast i dette liv.

Vi tror på pengene, på helsen, på det gode i mennesket, på fremskrittet, på fredens sak, på våre barn.

Jesus lever. Det er det eneste som står fast i dette liv. Hvorfor er det det eneste vi ikke tror på?

(Etter en idé av pastor Einar Solli.)

FRÅ: KARSTEN ISACHSEN: GJESTER SOM IKKE VILLE GÅ.  
LAND OG KIRKE/GYLDENDAL 1978

## Dale kyrkje open laurdag føremiddag

Sokneprest Meidell kjem til å halda Dale kyrkje open kvar laurdag frå kl 9.30 - 11.00 for samtale, bøn og forbøn. Dette er meint som ei prøveordning frå laurdag 7. oktober og fram mot jul.

Alle har vi våre problem av ymse slag. Stadig fleire får også problem med arbeidsløyse. Tilbodet gjeld alle som veit at det vert for tungt å bera alle problem åleine. Hjarteleg velkomen!

Sokneprest Inge Christian Meidell

## Kirkens Nødhjelp utfordrar kyrkjelydane: Vis solidaritet med Namibia



Dersom alt går etter planen, blir det halde frie val i Namibia i november i år. Det tyder at FN sin fredsplan for Namibia er gjennomført og at Afrika sin siste koloni høyrer historia til. Men før Namibia kan heise fridomsfana, er det mange hindringar som må ryddast av vegen. Sør-Afrika må - om enn motvillig - lausne grepet om den siste kolonien sin, og dei rundt femti tusen fluktningane - som hovudsakeleg bur i Zambia og Angole - må få vende heim i tryggleik.

Det namibiske Kyrkjerådet, CCN, spelar ei sentral rolle i repatrieringa. Kyrkja har ei folkeleg oppslutning på over 90% og har dermed både autoritet og tillit. Det er difor naturleg at FN har bede CCN om å ta på seg ansvaret for at flyktningane kjem seg trygt heim og at det blir mogeleg for dei å leve i fred og fridom.

Det er ei stor og krevjande oppgåve kyrkja har teke på seg. Kirkens Nødhjelp har samarbeidd med CCN i ei årrekke og kjenner difor ei spesiell forplikting til å støtte CCN i denne vonfulle, men vanskelege tida.



NORDISK NAMIBIA-AKSJON.

For å støtte repatrieringa har difor Folkekirken Nødhjelp i Danmark, Lutherhjälpen i Sverige og Kirkens Nødhjelp gått saman i "Nordisk Namibia Aksjon", der målet er å samle inn 10 millionar kroner til oppføring av prefabrikerte skolebygg for flyktningebarn som vender tilbake. Skolane skal drivast i regi av CCN.

I Noreg ønskjer Kirkens Nødhjelp å utfordre heilt særskilt kyrkjelydane itil å engasjere seg i denne kampen. Her har vi som kyrkje sjansen til å strekkje ei hand i solidaritet over til ei kyrkje som står midt i kampen for fridom og rettferd.

Nordisk Namibia Aksjon  
Kirkens Nødhjelp  
Postboks 5868 Hegdehaugen  
0308 Oslo 3

Aksjonskonto:  
Post- og bankgiro 100

## TENÅRINGSGRUPPE

Laurdag 16. september vil det verta starta opp ei tenåringsgruppe på Stanghelle Bedehus. Gruppa vil verta leia av Sollaug Boge, Ståle Hol og Ragnvald Kringlebotten. Det vil verta samarbeidd med Santalmisjonen og Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag.

Grunnen til at gruppa kjem i stand, er at tenåringane, særleg på Stanghelle, ikkje har noko tilbod etter at dei er slutta i yngres. Det vil verta møte kl.18.00 annankvar laurdag fram til desember.

Me tek sikte på å samla tenåringar frå 7. klasse og til 9. klasse, men eldre tenåringar er også velkomne. Programmet vert andakt, misjonsinnslag, servering, spel og andre programinnslag.

Me vonar tenåringar både frå Stanghelle og andre stader i kommunen finn vegen til bedehuset.



Helsing  
Ståle Hol  
og Ragnvald Kringlebotten

## EIT MINNE

Denne helsinga har vi fått frå ein av lesarane våre i Eksingedalen. Ho fortel frå heimbygda si for lenge sidan.

Ragnhild O. Bergo og Anna Brakestad, som var kona til læraren, hadde søndagsskule på Bergo ei tid. Men det var før mitt minne.

Men her kom ein utsending for søndagsskulen ein gong i 20-åri.

Johs. A. Lavik køyrde han opp til Nesheim med hest og vogn, og han hadde møte i kyrkja ein søndag kl.11. Eg hugsar Bibelteksten hans var Gal.6,7 "Far ikke vill. Gud lar seg ikke spotte. For det som et menneske sår, skal han og høste." Um kvelden var det møte med ljusbilete i skulehuset på Bergo. "Alle barn på fremste benken," sa han da. Han fortalde at han var frå ein by


som heitte Trondhjem, og dei snakkar ikkje akkurat slik der som dei gjer her i Eksingedalen. "Kan du forstå mei?" spurde han ein av gutane, og han svara "ja."

Han sa kor mange kg koforten hans vog. Men han hadde vore uppi Jordalen med den (Jordalen på Voss), og der var ikkje so god veg å ta seg fram på i dei dagar.

Eit av ljusbileti var bilete av Bergen by. Og då spurde han "hvor mange av barna som hadde vært i Bergen?" Og det var visst berre gutane til læraren, og so ei som var i Lindås ei tid.

Eg sender ei helsing til dei som arbeidar i søndagsskulen.

Bertina Bindingsbø



# BARNESIDE



## KOM - BLI MED

Hausten er her. No har skulen  
begynt igjen for lenge sidan.  
Mange søndagsskular, barneforeningar,  
Yngres og barnelag også.  
Del som vil høyra Jesus til, treng å gå  
der vi får høyra om han.  
Det er derfor vi har alle desse laga  
rundt omkring. Vi ønskjer at alle som  
vil skal få høyra om Jesus.  
Håpar at du er med i eit slikt lag.  
Men der du bur er der kanstje nokre  
gutar og jenter som ikkje pleier å gå.  
Då kan du som er med, fortelja dei  
om alt det tette som de gjer på.  
Kanstje fleire gutar og jenter kan  
få høyra om Jesus denne hausten?  
Jesus er den beste veni vi kan ha.  
Hugs: Jesus har brut for deg også!




Elin F

## PLUKK EPLE!

På kvart eple står det namnet til  
ein bibelsk person. Set namnet inn på  
rett plass i dei 7 oppgåvene

1. Han bygde ein stor båt
2. Ho var syster til Moses
3. Han ville gjerne sjå Jesus
4. Ho var mor til døyparen Johannes
5. Bror til Peter heitte
6. Han hadde 12 søner
7. Han vart kasta i løvehola

Reidun Skurtveit



Elin F

## SOKNERÅDSVALET 1989

Denne hausten skal vi velje sokneråd,  
som skal vere i arbeid som tillitsvalde  
i kyrkjelyden i perioden 1990 - 1993.

Valet går føre seg samstundes i  
hiele landet.

I prestegjeldet vårt har vi 4 val-  
dagar:

- 8. okt. Eidsland  
Dale
- 15. okt. Stamnes  
Nesheim  
Vaksdal
- 22. okt. Eksingedalen
- 5. nov. Bergsdalen

Som vanleg er valet lagt i til-  
slutnad til ei gudsteneste.

### KVEN HAR RØYSTERETT OG ER VALFØR?

Å velje sokneråd for dei fire kom-  
ande åra er eit viktig val. Difor må  
det vere ei ærsak for alle som meiner  
at kyrkja har noko å gje til lokal-  
samfunnet, å vere med på valet.

Røysterett har alle som er medlem  
av Den norske kyrkja, som i 1989 er 18  
år eller meir, som bur i soknet og som  
har statsborgarlege rettar.



Dei som er innmelde i andre trus-  
samfunn eller har meldt seg ut av kyrkja,  
kan difor ikkje røyste ved sokneråds-  
val. Utanlandske statsborgarar som har  
meldt seg inn i Den norske kyrkja og  
bur i soknet, har røysterett.

Valfør til soknerådet er alle som  
har røysterett. Alle valføre har  
plikt til å ta imot val, dersom ein  
ikkje kan peike på særskilt grunn til  
å nekte.



Det går stadig framover  
med bygginga av det nye  
bedehuset på Dale.  
Det ser svært fint ut,  
og vi kan berre gle oss  
til det skal takast i bruk.

# PÅ HERRENS DAG - I HERRENS HUS - VED HERRENS BORD

## Nokre ord om nattverden



Mange synest nok at dette med nattverden er vanskeleg å forstå. Difor vil eg skriva litt om dette.

### KVIFOR NATTVERD?

Vi held nattverd fordi Jesus har sagt det. Å ta imot nattverden høyrer med til det å vera kristen. Jesu eigne ord om dette vert lesne kvar gong det er altargong: "Vår Herre Jesus Kristus, den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta dette og ét det. Dette er min lekam som vert gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Likeeins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene. Så ofte som de drikk av han, så gjer det til minne om meg."

### KVA SKJER I NATTVERDEN?

I nattverden møter vi Herren sjølv. Jesus kjem til oss, handgripeleg og nært.

Når presten deler ut, seier han: "Dette er Jesu lekam. Dette er Jesu blod." Vi trur at Jesus kjem til oss i brødet og vinen. Dette går rett nok over vår lille forstand. Men gåva vert ikkje mindre av den grunn! Vi får del i Jesus sjølv. Og vi får del i det som han har gjort for oss.

På krossen gav Jesus sin lekam til soning for syndene våre. Han ofra sitt liv og blod. No kan vi tillitsfullt få ta imot han i brødet og vinen, og veta med oss sjølve at vi får del i det som skjeddé den gongen.

### FLEIRE KANALAR.

Gud sender bodskapen sin på fleire kanalar. Gjennom øyra - når vi høyrer

kristen forkynning. Gjennom auga - når vi les i Bibelen, eller når vi ser biletet på altartavla. I munnen - når vi et og drikk Jesu lekam og blod.

Ein konfirmant sa ein gong: "Eg trur eg skjønar det. Det er ikkje lett å begripa alt det Jesus gjorde for oss. Men om vi ikkje kan få det inn i hjernen, har Jesus sørgra for at vi kan få det inn i munnen."

### KONGEN OG GULLMYNTEN.

Nattverden kan liknast med ein konge som rid inn i ein by. Tenarane hans kastar gullmyntmyntar til folk som står langs vegen. Men frå hesten sin får kongen sjå ein mann som ikkje greier å få tak i noko pengestykke. Då stig kongen ned frå hesten, trykker ein gullmynt inn i handa på mannen og seier: Denne er til deg!

I nattverden kjem Kongen, Kristus. Hen kjem òg til alle som har vanskeleg for å gripa evangeliet. I vår kyrkje har nattverdbrodet faktisk form som ein mynt. Det vert lagt i handa di, medan presten seier: "Dette er Jesu lekam."

Det er altså Kristus som kjem til deg i nattverden. Og han seier: "Dette er for deg. Det er nettopp deg eg vil vera saman med."

### KVEN KAN GÅ FRAM?

Fyrst av alt: Nattverdbordet er ikkje noko premiebord. Det er eit gåvebord! Her vert det ikkje delt ut belønning for vellukka kristenliv. Her er Guds gode gåver til den som ikkje får det til. Her er fellesskap med Jesus, vår Frelsar. Her er forlating for syndene.

Kven er det så som kan gå til altars? den som har bruk for Jesus!  
Forts. neste s.

### EIT MØTE MED KRISTUS.

Nattverden er altså ikkje for superkristne. Dei finnest ikkje. Dersom du er plaga av tvil, eller dersom du tykkjer at det er vanskeleg å vera ein kristen: Gå til altars! Hovudsaka er nemleg at du vil koma til Kristus og ta imot det han vil gje deg. Og i nattverden er det han du møter.

Jesus seier: "Den som kjem til meg, vil eg såvisst ikkje visa bort."

### TO RÅD TIL SLUTT.

Les gjennom nattverdilturgien i ro og mak. Den står i dei små hefta vi brukér i gudstenesta. Lån gjerne med eit hefte heim. Truleg vil du gjera nye oppdagingar om du let orda få synka ned i deg.

Ikkje alle er i stand til å koma til kyrkje. Ta då kontakt med ein av prestane. Då vil vi ta nattverd med og koma i heimen.

Kjell Arne Norum

Soknerådet i Bergsdalen minner om  
AKSJONSVEKA frå 3. til 8. oktober.

EIN ELDRE, LITT ALVORLEG PREST skulle arrangera familiegudsteneste. Presten ville få god kontakt med borna og tok til med å be dei gjette ei gåte:  
- Er det nokon som kan seie meg kva som er lite og brunt og har lang hale og hoppar frå tre til tre og et nøtter?  
Ein liten gut rekte opp handa:  
- Det høyrest ut som eit ekorn, men sidan det er du som spør, så er det kanhende Jesus?

## 50 - årskonfirmantar

Også i år vert det invitert til fest for 50 - årskonfirmantane på Vaksdal. Feiringa tek til med familiegudsteneste i Vaksdal kyrkje kl. 11.00 den 1. oktober. Resten av arrangementet vil gå føre seg i Bedehuset. Soknerådet vonar at riktig mange av jubilantane møter fram denne dagen.

Desse vart konfirmerte i Vaksdal kyrkje 24. sept. 1939:

Arne Frotvedt  
Harry Hansen  
Audun Jamne  
Idar Karsten Knutsen  
Ingvald Samuelsen  
Johannes Karsten Trættenes  
Trygve Andreas Vassdal  
Arvid Moe Boge  
Otto Gerhard Ulevik  
Arnold Sæterdal  
Dagny Boge  
Anna Bolstad  
Karen Nansy Bruvik  
Ingeborg Faugstad  
Anna Gundersen  
Lilly Olivia Hanevik  
Margit Herfindal  
Ester Ingeborg Krogsrud  
Marta Kvalvåg  
Birgit Julia Løtveit  
Harriet Sæterdel  
Magna Boge  
Else Berit Nordby  
Ingfrid Nansy Stanneshagen  
Johanna Marie Skulstad  
Rigmor Synsvoll  
Alfrida Konstanse Sætre  
Olga Marie Øvstebø  
Helga Åsen  
Eva Harriet Larsen  
Ruth Sæterdal

Ivar Stavenes vart konfirmert i Bruvik. Stavenes høyrte til Bruvik på den tida.

## TIL TAIWAN FOR NMS



Reidun, Jenny, Ane, Lars Jakob, Odd og Synne i Dale kyrkje

I sommar drog ein heil familie frå Stanghelle til Taiwan i misjonens teneste.  
Odd og Reidun Laastad Dyvik vart vigsla til teneste ved ei gudsteneste i Dale kyrkje 18. juni.  
Reidun er tilsett som lærar ved den norske skulen på Taiwan.



Fam. Laastad Dyvik saman med forbedarane sine:  
Oddny Kallestad og Nils Kåre Tolås.  
Bak ser vi kretssekr. Nils Peder Kjetsaa,  
res. kap. Kjell Arne Norum og heimesekr. Thomas Randulf

Belsignelsesønske fra 4<sup>de</sup> århundre

Må Herren gå foran deg  
og vise deg den rette vei

Må Herren gå ved siden av deg  
så Han kan ta deg i sine armer  
og beskytte deg mot farer fra  
høyre og venstre side

Må Herren gå bak deg  
og bevare deg fra onde menneskers  
falskheter

Må herren bære under deg  
og løfte deg opp når du faller  
og redde deg ut av snaren

Må Herren være i deg  
for å trøste deg når du er mismodig

Må Herren være omkring deg  
for å forsvare deg når menneskene  
overfaller deg

Må Herren være over deg  
og blesigne deg!

Ja, må den nådige Gud  
belsigne deg i dag og i morgen!

Oversatt fra tysk av Solveig Taarland

## GUDSTENESTA KVA ER DET?

Den tek til med at presten seier: "Nåde vere med dykk, og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus."

Og vidare: "Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre: Hielage Gud, sjå i nåde til meg syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar, og kjenner lysten til det onde i hjarta mitt. Ha tol med meg. Tilgjev meg alle syndene mine, og gjev at eg kan ottast og elska einaste deg."

Dette må seiast p vera ei trusgjerning i høg grad. For i Hebrear-brevet står det at "den som kjem fram for Gud, lyt tru at han er til, og at han løner den som søker han."

Tollmannen som gjekk opp i tempelet, slo seg for bringa og sa: "Gud, ver meg syndaren nådig." Han kom fram for Gud fordi han trudde at Gud var til. Og Jesus seier: "Han gjekk rettferdiggjort ned til sitt hus!" Og det var stor løn. (At han slo seg for bringa, tyder: Eg er forfærda over mine synder, og det fører til omvendning.)

Men når me i gudstenesta gjer det same som tollmannen, så må det føra til rettferdiggjering også for oss? Og liturgien etterpå er ei bøn til alle tre personane i guddomen om å miskunna oss.

Og så har me trusvedkjenninga, der det vert sagt at Jesus er Guds son, og tru på Gud Fader og den Heilage Ande.

"Kvar den som trur at Jesus er Kristus, han er fødd av Gud." 1. Joh.5,1 Og 1.Joh.4,15: "Den som sannar at Jesus er Guds son, (og det gjer me ved trusvedkjenninga) i han vert Gud verande og han i Gud."

Det siste talar om ei "vedvarande" trusvedkjennning. Og det er det som skjer ved kvar gudstenesta.



Eg kan også nemna lovprisinga, at det er tru. For det sa Jesus til den samaritanen som vart lagt frå å vera spedalsk: "Var det berre denne eine som kom att og gav Gud æra?" Og så seier han: "Trua di har frelst deg."

Å stilla seg under den aronittiske velsigninga, der det vert lyst nåde, velsigning og fred er overmåte verdfullt. Likeeins å beda Fadervår.

Og tilsist orda: "Gå i fred og ten Herren med gleda." Då kan me ikkje tena synda og Satan.

Jesus seier: "Den som tener meg, skal Far min æra." Joh.12,26. Må det gjeva oss mot og gleda å tena Jesus!

### KONKLUSJON:

Eg bed alle som har helsa og kan møta til gudstenesta om å gjera det.

Ein mann sa ein gong at han fekk høyra kyrkjeklokkene tidsnok. Han tenkte då på si siste ferd. Men då kan det vera for seint.

Difor: Høyr kyrkjeklokkene no!

Håkon Helle

## Har du bil?

Ta andre med deg  
når du køyrer til  
kyrkje!!!



## Inspirasjonshelg i Os

TIL MENIGHETER OG  
ORGANISASJONER I HORDALAND.

Det er en glede for oss å informere om at en gruppe på 15 personer fra menigheten St. Michael-le-Belfrey i York, England, skal besøke Norge høsten 1989.

Denne levende menigheten har i løpet av de siste 20 årene fått en enestående plass i engelsk kirkeliv. Prester og lekfolk fra mange steder i og utenfor England har besøkt York for å se og lære, og få impulser til å bygge menigheter og forsamlinger preget av liv og vekst.

Fra fredag 13. okt. til og med søndag 15. okt. vil et team fra York besøke Os. All engelsk tale vil bli tolket til norsk.

Så langt plassen rekker, vil vi invitere prester, ledere og lekfolk

*Per Fimreite*  
Per Fimreite  
prost



ST. MICHAEL LE BELFREY - YORK

fra hele Hordaland til å delta på denne INSPIRASJONSHELGEN.

Erfaringen viser at utbyttet blir størst når ledere og menighetslemmer/foreningsmedlemmer deltar på en slik helg sammen.

Møtestedet vil være Os kirke og Kyrkjelydshuset i Os. Ønsker du mere informasjon, ta kontakt med sokneprest Per Fimreite; tlf. 30 02 10.

VELKOMMEN TIL OS I OKTOBER!

*Karl Anundsen*  
Karl Anundsen  
form.Os Søkneråd



MISJONSFEST PÅ STAMNES  
Søndag 27. august var det misjonsfest på Stamnes. Gunvor Bjørsvik heldt tale, og Ragnhild Straume song. Det var også besøk heilt frå Etiopia. Her ser vi den etiopiske legen dr. Bele saman med Marit og Anlaug Sandal.

# NRK

MELDING FRÅ NRK  
KIRKESEKSJONEN  
KULTIRREDAKSJONEN

Pl's kirkeeksjon har ansvaret for kanalens andakter og radiogudstjenestene. På disse områdene vil det skje noen forandringar i høst. F.o.m. søndag 3. september vil seks faste prester skifte på å holde radiogudstjeneste. Først ut er Ravn Karsrud i Råholt kirke. De andre er: Einar Rui i Seljord, Torstein Selvik i Bergen, Kristin Kolstad i Bodø, Inger Degerstrøm Celius i Trondheim og Vidar Bergsland i baptistkirken på Lillehammer.

Lytterne vil få mulighet til å bli bedre kjent med radioprestene, og dermed føle seg mer hjemme i radiogudstjenesten. Vi vil også samarbeide nokså tett med prestene våre for å få til en gudstjeneste som er tilpasset radioens egenart, sier Frank Tangen, leder for kirkeeksjonen.

Lørdag 9. september er Lise Vislie Jor og Johan Arnt Wenaas tilbake i 8.15 andakten hver lørdag for å svare på brev fra lytterne og samtale om tro og sjelesørgeriske spørsmål. Kirkeeksjonen fikk mange henvendelser da disse to deltok i lørdagsandaktene i fjor, noe som redaksjonen ser som et tegn på at mange mennesker har et behov for å gi uttrykk for sine følelser i sitt forhold til kirke og religion som de ikke får tilfredsstilt i

#### KAN VI VERA MED PÅ Å PÅVERKA DET SOM VERT SYNT PÅ TV?

Kristelig Kringkastingslag prøver å nå fram med sitt syn ved å gje både ris og ros til program i radio og fjernsyn. Vil du vera med å be om fleire kristne innslag i Barne-TV? Fyll ut denne slippen og send han til KKL. Dei vil senda alle henvendingane vidare til rette instans.

lokalmiljøet.

- Vi tror ikke at et kvarters sending hver lørdag kan gi noen endelige svar, men vi håper disse sendingene kan hjelpe noen et skritt videre og bidra til litt større åpenhet rundt viktige livsspørsmål, sier Frank Tangen.

FASTE SENDINGAR FRÅ PL'S KYRKJESEKSJON

KVAR DAG:  
08.15 Andakt  
21.40 Kveldstankar

TYS DAG:  
21.15 Noas ark

LAUR DAG:  
06.10 Liturgisk andakt  
08.15 Lise Vislie Jor og Johan Arnt Wenaas svarar på brev frå lyarane.

SØNDAG:  
11.00 Høgmesse  
11.55 På kirkebakken

#### Mer Jesus på barne-TV!

- Kan ikke fjernsynet fortelle litt mer om Jesus?  
- Det er nesten aldri noe «kristent» på NRK!  
- Hjemme ber vi oftenbønn! Hvorfor gjør de aldri det i barne-TV?

Tenk deg godt om. Husker du forrige gang du hørte kristne sanger på barne-TV? Eller et noe snakket om Gud og Jesus? Syns du det er lenge siden?

Vi har lyst til at alle skal bli med å si til NRK at vi vil ha mer «kristent» inn i barne-TV. Derfor vil vi overbringe denne henstillingen til NRK. Hilsen KKL - Kristelig Kringkastingslag.

Til NRK  
JEG vil at barne skal høre om Jesus i Barnetimen og Barne-TV. JEG synes det er fint å be for maten. Det må også vises i TV og høres i radioen.

JEG vil høre flere kristne sanger i radio og fjernsyn. NRK må også finne plass til programmer om det kristne livet. Slik det naturlig leves i menigheter og kristne organisasjoner.

Hilsen  
Navn ..... Adr .....  
Navn ..... Adr .....  
Navn ..... Adr .....  
Navn ..... Adr .....  
Navn ..... Adr .....  
Navn ..... Adr .....  
Navn ..... Adr .....  
Navn ..... Adr .....  
Navn ..... Adr .....

RETUR:  
KKL  
Kristelig Kringkastingslag  
Postboks 85 - Ankertorget  
0133 (1/10)

## AVSLUTNING

Etter 12 års drift er no Vaksdal kyrkjelyds førskule slutta. Trongen til barnehageplassar er stetta etter at kommunen opna ny barnehage på Jamne.

Den siste vinteren var det 16 born i Førskulen i kyrkja. Den fyrste ansvarlege for førskulen var Torgunn Ellinor Knutsen. Sist haust var det også ho som hadde ansvaret. Etter jul vart førskulelærer Inger Berit Sandal tilsett som styrar. Anita Jensen har

vore med i fleire år. Zahra Yazdanpour har jobba der den siste tida.

Her ser vi dei voksne saman med Ronny, Moosa, Monica, Robert og Helge. Dei førebur vaffelselskap den siste dagen.

Vi trur mange born ser attende med glede på året dei har hatt i kyrkjelyden sin førskule. Og vi vil takka både tilsette, foreldre og soknerådet for det arbeidet som er lagt ned for å få dette arbeidet til å fungera.



### Kristen tru - kristen omsut - kristent arbeid

Vi inviterer til ope møte i Vaksdal bedehus torsdag 21. sept. kl 19.00

- \* Kva ventar du av det kristne fellesskapet?
- \* Kva saknar du her på Vaksdal?
- \* Kvifor går du ikkje på møte i Bedehuset?
- \* Ønskjer du å vera med i ei bibelgruppe/samtalegruppe?
- \* Er tilbodet til borna dine godt nok?
- \* Kjenner du deg velkomen som den du er - born, ungdom, einsleg, gamal, flyktning, innflyttar, travle småbornsforeldre?
- \* Kan du søkje kristent fellesskap sjølv om du tvilar og kjenner på menneskefrykt?

Møt opp i Bedehuset og ver med og diskuter dette.

Tenk over kva du sjølv ønskjer deg og kor du kan sette inn din innsats.

Helsing Vaksdal sokneråd



# "Bibel-glasnost" i øst skaper "samarbeids-glasnost" i vest

- Vi har medansvar for å gi vårt nabofolk i øst Guds ord som skaper den virkelige perestrojka for dagens mennesker,- friheten i Jesus Kristus.

Dette uttrykkes i en fellesekklæring om bibel-eksport til Sovjet, undertegnet av Det Norske Bibelselskap, Pinsevennes Ytremisjon, Misjon Bak Jernteppet og Åpne Dører. Åpenheten i øst har brakt sammen de fire til felles drøftinger av hvordan deres innsats best kan samordnes for å nå lengst mulig i bibel-arbeidet overfor Sovjet. Møtet i Bibelselskapet 9. juni var det første i sitt slag, og utsendingene fra de fire organisasjoner var tydelig til-



- Vi står sammen om å sende en ny "bibel-bølge" over Sovjet! sier fra venstre Ole Chr. Kvarme (Bibelselskapet), Johannes Østveit (Misjon bak Jernteppet), Curt Westman (Åpne Dører), Stein Mydske (Bibelselskapet) og Hans Myrvold (Pinsevennes Ytremisjon).

fredse over at bibel-glasnost i øst får slike konkrete utslag i det norske organisasjonsliv.

De fire organisasjonenes representanter sendte 9. juni ut et

opprop der det blant annet heter:

- Hjelp oss å benytte den nye bibel-glasnost! La oss sammen sende en ny "bibel-bølge" til Sovjet" **KIRKEAKTUELT 4/89**

## TIL ALLE SOM HAR ANSVAR FOR BARN

Barna er vår fremtid! De fortjener et trygt og positivt oppvekstmiljø. Foreldre, og andre som har ansvar for barn i vekst, trenger visdom og varme. Da kan vi bidra til en sunn utvikling, så de får uttelling for sine evner som barn, ungdom og voksne.

VI FORELDRE vil inspirere nettopp til denne oppgaven, gjennom faglige artikler, i møte med andre foreldre, ved praktiske tips. En fin sjanse for deg og dem du er glad i!

Velkommen som abonnent!

## Vi foreldre

Utgitt av Institutt for  
Kristen Oppseding (IKO)  
Adresse: Collettsgt. 43  
Postboks 2623 St. Hanshaugen  
0131 Oslo 1, tlf. (02) 60 64 22

DETTE BLADET VIL JEG  
ABONNERE PÅ!

Navn \_\_\_\_\_

Gate/vei \_\_\_\_\_

Postnr./Sted \_\_\_\_\_

Underskrift \_\_\_\_\_

Årsabonnement kr. 110,- (pris pr. 1.1.1989)  
De vil få tilsendt postgirobetalingskort

Ønsker du hjelp til å

- aktivisere barnet ditt på ein meningsfylt måte?
  - stimulere barnet til ei allsidig og rik utvikling?
  - hjelpe barnet til å få eit tillitsfullt forhold til Gud?
- Da kan du få hjelp gjennom . . .



## eit tilbod som veks med barna

- 3 pakkar i året
- Innhaldet høver til alderen og behovet til barnet
- I kvar pakke: foreldrerettleiing og tre-fire ting til barnet
- Vel mellom nynorsk- og bokmålsutgåve
- Pris pr. år: 360 kr (gjeld tinging og betaling før 1.3. 1989).

Til **hd-forlaget**

Postboks 173  
1430 ÅS  
Tlf.: (09) 94 37 60

**0-6 år**

Eg melder eit barn som tripp trapp-medlem:

(Fyll ut med trykte bokstavar)

Barnet heiter: \_\_\_\_\_  
etternamn evtl. mellomnamn alle fornamn

Fødd den: \_\_\_\_\_  
 gut  jente

Adresse: \_\_\_\_\_  
gate/veg/postboks nr. postnr. poststad

Barnet bur i \_\_\_\_\_ kyrkjelyd

Trykt materiell i pakkane skal vere på  bokmål  nynorsk

Send betalingskrav til underskrivne:

\_\_\_\_\_  
etternamn fornamn

\_\_\_\_\_  
gate/veg/postboks nr. postnr. poststad

\_\_\_\_\_  
stad dato underskrift  
(person over 18 år)

Eg er

- far/mor
- fadder
- bestefar/bestemor
- annan slektning
- venn av familien
- kyrkjelyd
- anna

## SLEKTERS GANG

### Avlidne



#### DALE

29.12 John Olsnes f.1932  
15.06 Ester Sætvedt f.1909  
05.07 Marta Faugstad f.1900  
10.07 Johannes H.Vik f.1902  
22.07 Johannes Langhelle f.1905

#### BERGSDALEN

22.07 Nils Kyrkjeteig f.1911

#### STAMNES

21.06. Olina Dyvik f.1898

#### EIDSLAND

18.05 Johannes Simmenes f.1932

#### VAKSDAL

05.06. Sigvald Martin Olsnes f.1907  
10.06. Knut Berge f.1917  
23.07. Knut Herfindal f.1910  
22.08. Kåre Njaastad f.1910



### Døypte



#### STAMNES

02.07 Siv Marit Starnes

#### EIDSLAND

18.06 Anja Cathrine Tyssebotn Mo

#### EKSINGEDALEN

25.06 Torstein Brønstad

#### NESHEIM

16.07 Jon-Anders Bergo  
16.07 Ivar Bergo  
16.07 Hilde Brørvik

#### DALE

11.06 Marilyn Heimdal Dalseid  
11.06 Mons Ole Dyvik Sellevold  
18.06 Olav Ese Haga  
23.07 Lars Tvedt Brekke  
23.07 Lars Helge Selnes Meidell  
06.08 Cassandra Johnsen Indrebø  
06.08 Renate Vik Indrebø  
06.08 Rolf André Karstensen  
06.08 Christer Auro Indrebø  
27.08 Grete Kringlebotten

#### VAKSDAL

09.07. Vegard Stalheim  
09.07. Eirik Haugland Rørvik  
03.09. Håkon Svensson Mæland  
03.09. Harald Hesjedal Kjellelvold  
03.09. Silje Therese Lid



### Vigde



#### DALE


24.06 Lorents Tvedt og  
Torill Hårvik

#### STAMNES

15.07 Johnny Bakke og  
Ragnhild Vik  
26.08 Asbjørn Øye Skjerve og  
Monica Simmenes

#### VAKSDAL

17.06. Øystein Sellevold og  
Merete Langhelle  
23.06. Idar Fosse og  
Eva Thom




#### SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer. Frist for innlevering av stoff er 13. oktober.

Tove Margrete

## KIRKENS SOS



Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med? Ring 23 30 80. Apert hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

## Er du gravid!

og ønsker noen å snakke med?

Ring  
(05) 32 56 77

- Gratis graviditetstest
- Medisinsk veiledning
- Rådgivningssamtale
- Råd om støtteordninger

## aan

ALTERNATIV TIL ABORT I NORGE

Rådgivningskontoret for gravide  
mandag til fredag 09.00-16.00.  
Strandgt. 6, 4. etg. - BERGEN

## Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:  
Inge Christian Meidell  
tlf. 59 61 20

Res. kap.:  
Kjell Arne Norum  
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!

# VELKOMEN TIL KYRKJE



17.september - 18.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.Fam.gudst.Norum.  
Søndagskolens dag.Konfirmantpresent.  
Offer til Bergen Søndagsskolekrets.

NESHEIM kl.11.Meidell.Nattverd.

VAKSDAL kl.18.Meidell.Konfirm.pres.

DALE kl.19.Norum.Konfirmantpresent.

LAURDAG 23.september.

NESHEIM kl.20. Misjonsprest Kjosavik.  
Offer til Norsk Lærarakademi.

24.september - 19.søndag etter pinse

DALE kl.11.Meidell og Herman Dahl.  
Offer til Norsk Lærarakademi.

EKSINGEDALEN kl.11. Norum.Dåp.

BERGSDALEN kl.16.Magne Mestad.  
Offer til Norsk Lærarakademi.

EIDSLAND kl.17.Misj.prest Kjosavik.  
Offer til Norsk Lærarakademi.

VAKSDAL kl.18.Rektor Herman Dahl.  
Offer til Norsk Lærarakademi.

STANGHELLE kl.18.Kåre Mestad.  
Offer til Norsk Lærarakademi.

1.oktober - 20.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11.Fam.gudst.Norum.  
"Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.  
50 års konfirmantar.

STAMNES kl.11.Fam.gudst.Knudsen.  
"Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.  
Offer til Speidararb. på Stamnes.

8.oktober - 21.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.Meidell.Offer til  
Det Vestlandske Indremisjonsselsk.

EIDSLAND kl.11. Norum.Nattverd.  
Soknerådsva.

DALE kl.18.Meidell og Rasmussen.  
Nattverd. Offer til Norges Samemisjon.  
Soknerådsva.

15.oktober - 22.søndag etter pinse.

STAMNES kl.11.Norum.Nattverd.  
Soknerådsva.

NESHEIM kl.11.Meidell.Nattverd.  
Soknerådsva.Offer til Det Norske  
Misjonsselskap.

VAKSDAL kl.18.Norum.Nattverd.Sokneråds-  
va.Offer til Menighetsfakultetet.

22.oktober -23.søndag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11Meidell.Nattverd.  
Soknerådsva.Offer til soknerådsarb.

STANGHELLE kl.18.Meidell.Offer til  
Dronning Mauds Minne.

29.oktober - Bededag

DALE kl.11. Norum.Nattverd.Offer til  
Nordhordland Indremisjon.

VAKSDAL.kl.11.Meidell.Nattverd.

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr. 50,-  
Postgiro 5 72 34 73  
Bankgiro 3500.50.13117  
Bladstyrar: Tove Margrete  
Nordmark, Boge,  
5270 Vaksdal  
tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen,  
Boge, 5270 Vaksdal  
tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese  
tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese